

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Torsdag 24.apr 2025 Kl. <u>17.00 – 19.00</u>
Møtestad:	Kyrkjekontoret (Sæ 21)
Opning:	Dag Kjetil Lægreid

Til stades: Leif Steinar Alfsvåg, Anders Dahl, Sigrid Beate Eskeland, Jørgen Knudsen, Randi Agnete Nysæter, Magne Andresen (deler av møtet) og Knut Johannes Gram (deler av møtet).

Forfall: Kirsti Angvik Frugård, Dag Sele og Dag Kjetil Lægreid (1. vara), Runar Isdahl (2.vara), Åslaug (3.vara), Njål Sortland (4.vara)

SAKLISTE

2025/19- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent, med følgende saker i tillegg:
2025/24 – Gudstenesteliste og takkofferføremål hausten 2025
Drøftingssak: Spørsmål om inforskjerm og arrangement i Nysæter
Drøftingssak: 17.mai gudsteneste.

2025/20 - 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent, men tilføyer et punkt om at 17.mai gudsteneste var drøfta.
Dette vert også ei ymse-sak på dette møtet sidan det framstår uklart om diakoniutvalet har tatt denne saka.

Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt

Ingen saker

2025/21 - 121 Søknad om budsjett til folkedansmesse

Stord folkedanslag har teke initiativ til eit kveldsarrangement i Stord Kyrkje med tittelen «Folkedans, salmer og poesi» - med bakgrunn i initiativ frå kyrkjelivsutvalet om nye arrangement. Sjå vedlegg for meir informasjon.

Gruppa søker om økonomisk støtte på kr 9 000,- til honorar til musikarar.
Arrangementet er open for å ta opp ein kollekt til å dekke utgifter.

Soknerådet sitt budsjett har ei ramme på kr 5 000,- i 2025 for «arrangement utan billettinntekter», samt kr 47 500,- til kyrkjemusikalsk arbeid v/kantor (til musikarar på førstedagar + jazzmesse).

Vedtak: Soknerådet er positive til initiativet og kan stille en underskuddsgaranti inntil kr 5000,- (frå budsjettposten *Arrangement utan billettinntekter*). Det forutsettes at det tas opp kollekt til dekning av utgifter. Det må avklares nærmere hvem som er arrangør og hvordan utgifter/inntekter fordeles mellom soknet og folkedanslaget.

2025/22 - 361 Ungdomsår 2025-2026

Oppfølging av tema frå førre soknerådsmøte.

Me arbeider med spørsmåla:

- 1) Kva gjer vi for ungdom? – dele gode historier frå kyrkjelydane i Sunnhordland
- 2) Kva kan vi gjere for ungdom i vår kyrkjelyd?
- 3) Kan ungdom utfordrast til å vere med på det tiltaket/gudstenesta vi allereie planlegg å gjennomføre?

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Moment frå samtalen:

Spørsmål 1 – Kva gjer vi for ungdom?

- KRIK-arbeid for 7.klasse og oppover med potensiale for økt deltaking.

Forslag om å presentere det meir/tydelegare til konfirmanthuset, evt ta det inn som eit tema i konfirmanthuset?

- Soknet har eit omfattande konfirmanthuset med meir enn 100 konfirantar årleg.

- Soknet har hatt ungdomsklubb med diakonalt fokus (stoppa på utfordring med å finne vaksne som kan halde i dette). Kan vi bruke konfirantar som ungdomsleiarar i dette?

- Trusopplæringsstiltak som t.d. T11 Lys Vaken og T12 Kode B.

- Soknet har hatt eit opplegg for 12-15-åringar som vart kalla «Her og der», med ei blanding av fysisk aktivitet og andakt. Trusopplæringsutvalet har eit mål om å få det opp og gå igjen fra hausten '25. Utfordringa var vaksne leiarar og eit ønske om ein ansatt til å ha andakt.

Det foregår og fleire positive tiltak for ungdommar i regi av lag og organisasjonar i soknet som ikkje vert driven av soknet sjølv. Til dømes:

- Leirvik bedehus har UKS-samlingar for ungdomsskoleelever.

Har og hatt IUF-samlinger for dei på vidaregåande, usikker på om det er oppe og går no.

- Stord Soul Children er eit lokalt kor for unge ungdommar.

Spørsmål 2 – Kva kan vi gjere for ungdom i vår kyrkjelyd?

- Forslag om å etablere eit ungdomsutval (med f eks 2 konfirmanter fra Stord, 2 fra Nysæter, 2 fra KRIK, 2 fra unge vaksne, 1 ungdomsprest, 1 voksen mentor).

- Minileiarkurs for fjorårskonfirmanter trur me kan vere eit godt tiltak som byggjer vidare på det omfattande arbeidet med konfirmanthuset – og som bidreg med unge leiarar.

- Er det grunnlag for skolelag? Lagsbevegelsen står ikkje like sterkt som tidlegare...

- Mange av dei i soknerådet har gode erfaringer fra gospelkor / ungdomskor frå dei var unge. Er det grunnlag for det no? Det er generelt ei utfordring i soknet at mange kristne ungdommar reiser på internatskule når dei byrjar på vidaregåande og dermed vert det eit lite miljø å bygge ungdomsarbeid, kor o.l. rundt i soknet.

- Det vart og diskutert om dei tiltaka me kjenner til frå vi var unge er «utdatert» og at ein gjerne bør byggje opp under det ungdommen sjølv foreslår. Per no har me ikkje god nok innsikt i kva det er.

Me starta og ein større diskusjon om kva ungdomsarbeidet i soknet skal vere? Er det primært eit arbeid for barn av dei som deltek i kyrkja, eller eit breiare tiltak med mål om å vere eit godt, rusfritt og sosialt miljøalternativ. Den diskusjonen må takast opp igjen etter litt meir modning.

Spørsmål til avklaring i vidare samtalar:

Hvilken dialog har vi og vil vi ha med Leirvik bedehus og organisasjonene der?

Hvilken dialog har vi med HVL og samskipnaden?

Spørsmål 3 – Kan ungdom utfordrast til å vere med på det tiltaket/gudstenesta vi allereie planlegg å gjennomføre?

- Kan vi bruke konfirmanter i nokre oppgåver i gudstenestene? Har vore gjort tidligare, da vart det for mange oppgaver – men ein mellomting?

- Familiegudstenestene er ein god arena for å la born og ungdom ta del.

Vedtak:

Soknerådet ser at diskusjonen krev modning og tek med seg dei førebelse refleksjonane og set opp saka på nytt neste møte for vidare samtale. Svar til prostirådet vert utsett til etter neste møte.

2025/23 - 023 Plan for soknet 2025-2026

Drøfting av plan for skuleåret 2025-2026 med særleg vekt på satsingar. Sjå vedlegg som viser utskrift av plan frå Kyrkja Vår (4b) og informasjonsbrosjyra (4a).

Me arbeider med spørsmåla:

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

- Ressursar: Har vi nye ressursar å spele på? Er det nokre som ikkje er der lenger?
- Utfordringar: Kva opplever vi er utfordringane til kyrkjelyden vår?
- Satsingar: Kva ønskjer dei ulike utvala å satse på neste skuleår?
Og kva vil vi som sokneråd løfte fram?

Framlegg til plan vil bli sendt ut etter møtet for drøfting i utvala og handsama på nytt i møtet 27.mai.

Vedtak:

Saka utsett. Send innspel til AU på mail snarast så AU kan lage eit utkast for drøfting i mai-møtet.

2025/24 - 311 Gudstenesteplan og takkofferføremål hausten 2025

Gudstenesteutvalet v/sokneprest legg fram forslag til gudstenesteliste og takkofferføremål hausten 2025.

Vedtak:

Soknerådet vedtek gudstenestelista og takkofferføremål som framlagd.

Det bør vere ei familiegudsteneste i oktober, f eks 19.oktober.

AU bes ta ein gjennomgang av om takkofferføremåla er i tråd med budsjett og legge fram forslag til endring i neste møte ved behov.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår»? Orientering ved sokneprest
2. ~~Orientering frå fellesrådet v/Dag og Knut~~
3. ~~Evaluerings- Kyrkjelydens årsfest (Utsett)~~
4. ~~Temakveld m/Geir Gundersen – orientering om økonomi (Utsett)~~
5. ~~Orientering vedr. kyrkjelydshus og innspel til kommuneplanen (Utsett)~~
6. ~~Innspel frå utvala~~
7. 17.mai-gudsteneste
 - a. Det har vore diskutert kven som skal ha ansvar for kyrkjekaffi 17.mai og soknerådet meiner diakoniutvalet har ballen – men registrerer at det ikkje var drøfta i sist utvalsmøte.
 - b. Anders sender mail til Olaug og spør om diakoniutvalget tar ansvar for kirkekaffe (med tilbud om kake fra Sigrid Beate Tveit Eskeland).
8. Infoskjerm og tiltak i Nysæter sokn / kyrkje
 - a. Det vart reist spørsmål om korleis vi tenkjer om bruken av infoskjermen når det gjeld arrangement i Nysæter, med konkret spørsmål om ein Sanctus-konsert i mai.
 - b. Prinsipielt legg vi oss på ei tilnærming med at Nysæter-arrangement ikkje alltid annonserast, men opner for at særskilde arrangement som er relevant også i Stord vert lagt ut. Anders understreka at han er avhengig av info om disse for å fange dei opp.

Skriv, referat og meldingar

1. Referat, Kyrkjestova Fredheim 25.mar
2. Referat, Diakoniutvalet 31.mar

Anders Dahl
soknerådsleiar